



## Til skulen, elevråd og FAU.

*Det har det siste året kome fleire spørsmål frå foreldregruppa ang praktisering av gratisprinsippet i grunnskulen. Seljord kommune ynskjer lik og riktig praksis ved alle skulane. Det blir difor utarbeidd ei politisk sak til formannskapet 27. september og til kommunestyret 8. november om praktisering av gratisprinsippet. Eg ber særskilt om uttale frå elevråd og foreldreutval ved ungdomsskulen om Polenturen for 10.klasse. Frist 15.9.2018. Alle innspel vil bli lagt med som vedlegg i den politiske saka. Send elektronisk til [ronde.schade@seljord.kommune.no](mailto:ronde.schade@seljord.kommune.no)*

## Udir.no om gratisprinsippet i skulen:

**"Grunnen til at opplæringen er gratis er at den skal være inkluderende, slik at alle elever kan delta på lik linje, uavhengig av økonomisk bakgrunn." (Utdanningsdirektoratet, Udir).**

Gratisprinsippet i grunnskulen er regulert av opplæringslova § 2-15. Der står det at kommunen *ikkje kan krevje* at elevene eller foreldre dekkjer utgifter i samband med grunnskuleopplæringa.

Dette gjeld både undervisningsmateriell og faglege og sosiale aktivitetar som skolen arrangerer som ein del av opplæringa. Skulen og kommunen kan heller ikkje krevje betaling for aktivitetar som er ein del av opplæringa, men som skjer utanfor skuletida.

- Døme på undervisningsmateriell er skrive- og teiknesaker, lærebøker, ordlister og kalkulator.
- Døme på utgifter til aktivitetar er kost og losji i samband med leirskuleopphald eller andre tematurar, utgifter til inngangsbilletter ved ekskursjonar og nødvendig transport i skuletida til symjehall og bibliotek.
- Mat, drikke, nødvendige klede og anna utstyr som ikkje er undervisningsmateriell, vil foreldre måtte dekkje.

Det er skulane og skuleeigar som bestemmer kva for aktivitetar elevane skal gjennomføre, for eksempel om elevene skal på leirskule. Aktiviteter i regi av skulen skal være gratis. Bakgrunnen for at turar også skal vere gratis, er at dei skal være inkluderande, slik at alle elever kan delta, utan omsyn til økonomisk bakgrunn. Kommunar som sender klassar på leirskule, kan søke om statlig tilskot til opphald og opplæring på leirskule. Tilskotet skal stimulere til at kommunar vel å sende klasser på leirskule.

**Dersom ein tur er ein del av opplæringa i grunnskulen skal kostnadene i utgangspunktet dekkas av kommunen. Skuleeigar vil da vere ansvarlig for organisering og gjennomføring av turen.**

Skulen eller skuleeigar må konkret vurdere om turen er en del av opplæringa og i skulen sin regi. Moment i ei slik vurdering kan vere om

- reise skjer i skuletida
- turen er ein del av opplæringa etter læreplanane for fag
- lærarar er med på turen og mottar lønn
- det er utarbeidd reglar for turen, med t.d. sanksjoner for å bli sendt heim
- skuleeigar er ansvarleg ved uhell
- turen går fram av skulen sin årsplan/verksemdsplan
- dei som ikkje er med på turen har eit organisert opplæringstilbod

Lista er ikkje uttømmende. Dersom et eller fleire av momentane er til stede, kan turen vurderast som ein del av opplæringa og skal vere gratis for elevene og foreldra. Dersom ingen av desse momenta er til stede, vil turen ikkje ha noko med opplæringa å gjere og fell utanfor gratisprinsippet.

Frivillig betaling eller informasjon om kostnader i forkant er ikkje avgjerande for om turar eller samlingar blir vurdert å vere i skulen sin regi eller ikkje.

Når det gjeld utgifter til kost, er dette ikkje noko som normalt blir dekt ved opplæring gitt på skulen. Difor kan elevar bli pålagt utgifter til mat på skuleturar også. Utgiftene må vere på nivå med det mat og drikke normalt ville koste for ein elev.

Dersom ein tur delvis er lagt til skuletida og delvis til fridagar, kan skuleeigar ta betalt for den delen som skjer på fridagar. Ei slik ordning føreset at skuleeigar legg til rette, med for eksempel transport, på ein slik måte at det er eit reelt alternativ å delta bare på skuledagar.

Skoleruta bestemmer kva som er skuledagar og kva som er fridagar. Skoleruta kan likevel avvike for enkelte trinn, slik at turar ikkje er lagt til skuledagar sjølv om dei er på kvardagar.

### **Finansiering frå andre enn skulen**

Opplæringsloven er ikkje til hinder for at andre enn skuleeigar finansierer skuleturar, så lenge retten til gratis opplæring blir ivaretatt. **Elevar og foreldre kan gå saman om å finansiere turar ved f.eks. frivillige gåver, dugnader og loddsal. Dersom elevene eller foreldre gir pengar bør dette skje anonymt.**

Skulane kan og ta imot pengegåver, tilskot til klassekassar, utstyr e.l. frå andre enn foreldre. Dei som gir gåver eller tilskot kan ikkje stille krav om motyting, for eksempel i form av reklame for næringslivet. Det er også ein klar føresetnad at pengane ikkje er øyremerka ein elev, men skal kome heile elevgruppa til gode, og at ingen blir pressa til å gi eller bidra.

### **Særskilt om Polenturen for 10.klasse i Seljord:**

Det er lang tradisjon med gjennomføring av Polentur for 10. klasse i Seljord. Skulen har fått gode tilbakemeldingar frå foreldre og elevar etter gjennomførte turar og kommunen har fått gode tilbakemeldingar frå turarrangør. 10. klasse reiser kvar haust og turen går m.a. til Krakow og Berlin med Auschwitz, Sachsenhausen og Ravensbrück på programmet. Intensjonen med turen er m.a. å formidle informasjon om ein særskilt viktig del av historia, slik at elevane utviklar forståing for menneskeverd, rasisme og ekstremisme. Det at elevane fram til no har møtt såkalla "tidsvitne" på turen, har vore med på å forsterke læringsutbyttet og opplevinga.

**Hvite Bussers sin visjon er: "En fremtid med menneskeverd, uten rasisme og ekstremisme."**

Denne visjonen harmonerer med skulen sin læreplan, Kunnskapsløftet:

***«Synet på menneskets likeverd og verdighet er en spore til stadig på nytt å sikre og utvide friheten til å tro, tenke, tale og handle uten skille eller kjønn, funksjonsevne, rase, religion, nasjon eller posisjon. Dette grunnsyn er en varig kilde til endring av samfunnet for å bedre menneskenes kår.»***

Det er ei foreldregruppe på det aktuelle trinnet som har ansvar for planlegging og gjennomføring av turen i samarbeid med kontaktlærer og skulen. Foreldra har ansvar for dugnadslistar og oppfølging av desse listene. Difor kan også organiseringa og kostnaden for turen bli ulik frå år til år. Kostnaden for deltaking har auka mykje dei siste åra. I 2014 kosta det om lag 6 000 kroner. I 2019 er kostnaden auka til om lag 6 999 kr per elev eller føresett. Denne prisen er ein slags "grunnpris" for turen. Val av betre og meir sentrumsnære hotell kan føre til at turen blir inntil 1 500 kr dyrare, totalt om lag 8 500 kr. I hovudsak er det brukt buss på turen, men enkelte klassar har og brukt fly på delar av turen. Val av transportmåte og/eller standard på overnatting er blant fleire faktorar som fører til ulikt kostnadsnivå frå år til år. Polenturen kan vare frå 5 til 8 dagar. Nokre år vel ein ekstra dagar for også å få med andre sosiale opplevingar.

Enkelte foreldre opplever at det er forventninga frå skulen at dei blir med på turen, men skulen har presisert at det ikkje er behov for meir enn om lag 6 foreldre i tillegg til 2 lærarar for at det skal vere forsvarleg bemanning på turen. Særskilt mange foreldre/føresette er med på turen og har gode opplevingar med det. Det kan og vere at foreldre opplever at innhaldet på turen er av ein slik karakter, det er mange sterke inntrykk, at det er godt for eleven å ha med seg ein vaksen forelder.

#### **Økonomi.**

Dersom ein familie har med ein elev og ein føresett på turen vil samla kostnad for familien i 2018 vere om lag 18 000 kr. I tillegg må foreldre ta ferie eller fri frå arbeid for å fylgje med på turen. Det har kome enkelte munnlege og skriftlege innspel frå foreldre ved u-skulen på at dette no kosta så mykje at det er vanskeleg å prioritere økonomisk. Det er frå skulen si side lagt til rette for at elevar som ikkje er med på turen kan få eit tilbod lokalt på skulen i Seljord, men det er få elevar/familiar som ynskjer dette. Skulen har i nokre tilfelle betalt turen for enkeltelevar/familiar som ikkje har økonomisk evne til å betale.

Kommunen har vedtatt økonomisk støtte med inntil 25 000 kr per klasse/år. Dette utgjer i underkant av 1 000 kr per elev. I tillegg betaler kommunen eigendel for to lærarar (2 x 10 000 kr), samt godtgjering for lærarane etter lokal avtale (2 x 20 000 kr). Totalt kosta turen Seljord kommune om lag 85 000 kr i 2018.

Det er etter kvart organisert svært mykje dugnadsarbeid i forkant av gjennomføring av turen. Enkelte klassar startar sparing i mange år før sjølve turen. Dugnadsarbeidet startar gjerne allereie i 8. klasse med arbeid på ulike festivalar på sommaren. Jo meir du jobbar, desto rimelegare blir turen. Eigendelen for turen kan difor variere mykje frå år til år, elev til elev, frå familie til familie. Omfanget av forventa dugnadsarbeid for å redusere eigendel for turen, er såpass stort at det blir vurdert som urimeleg av mange foreldre.

- Skal ein jobbe inn heile turen for ein elev vil det utgjere om lag 68 timar arbeid a 110 kr/timen. Det er om lag 2 arbeidsveker. Fordelt på tre år, 8-10.kl., utgjer det om lag 22 timar dugnad kvart år.

### **Konklusjon:**

Slik Polenturen er organisert i dag er den, etter skuleansvarleg sin vurdering, i konflikt med gratisprinsippet i Opplæringslova. Sjølve turen og formålet med turen er del av opplæringa på ungdomstrinnet og i skulen si regi, jf. momenta i Udir sitt rundskriv. Omfanget av forventa dugnadsinnsats for å finansiere turen er såpass stort at det er urimeleg og at eleven/foreldra må betale ein eigendel for eleven.

Det at foreldre tek ansvar for organisering, opplegg og andre praktiske oppgåver endrar ikkje på vurderinga så lenge sjølve turen skjer innanfor rammene av det ordinære skuleåret og i skuletida. Enkelte andre kommunar og skular har valt å leggje turen til elevane sine ferieperiodar og la foreldre ha hovudansvar for turen, men ein slik tur bør vere i regi av skulen og innanfor det ordinære skuleåret.

### **Moglege løysingar til drøfting:**

1. Seljord kommune aukar tilskotet til Polentur frå 25 000 kr til 3 500 kr per elev. Totalt vil da turen koste kommunen 140 000 kr (40 elevar x 3 500 kr). I tillegg kjem utgifter til dekning av eigendel og løn for lærarar. Omfanget av dugnadsinnsats blir samstundes redusert frå 68 timar til 36 timar i løpet av 8.-10.klasse. Det utgjer 12 timar dugnad per år 8.-10.kl. Omfanget av dugnadsinnsatsen er da vurdert som ikkje i strid med gratisprinsippet.
2. Polentur for 10. klasse blir avvikla med verknad frå hausten 2020. Kommunen stiller 100 000 kr (40 elevar x 2 500 kr) til disposisjon for tur/opplegg med 10. klasse der skulen organiserer og gjennomfører tur med fagleg og sosialt innhald i samsvar med gjeldande læreplanar, lov og forskrift. Skulen bør saman med foreldretvalet og elevrådet vurdere formål, innhald og organisering av turen.
3. Seljord kommune betalar eigendelen fullt ut for elevane frå og med 2020. Totalt vil turen da koste 300 000 kr (40 elevar x 7 500 kr) . I tillegg kjem utgifter til dekning av eigendel og løn for lærarar.

**NB. Punkt 3 er lite realistisk grunna kommunen sin økonomiske situasjon.**

Ein ber skulane og foreldretvala i løpet av 2018/19 vurdere andre aktivitetar og sikre at desse blir gjennomført etter intensjonen med gratisprinsippet i Opplæringslova.